


Norddal kommune

– ein
verdsarvkomune



Årsmelding 2007



Norrdal – ein verdsarvkommune
Årsmelding 2007

INNHALD

Rådmannen sine kommentarar

| | | |
|-----|--------------------------------------|---|
| 1.0 | Innleiing | 3 |
| 2.0 | Utvikling kommuneøkonomien o.a | 3 |
| 3.0 | Hovudutfordringar framover | 3 |

Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal

| | | |
|-----|--|---|
| 1.0 | Innleiing | 5 |
| 2.0 | Folketal | 5 |
| 3.0 | Økonomiske nøkkeltal og analysar | |
| 3.1 | Driftsrekneskapen 2007 -hovudtal | 5 |
| 3.2 | Investeringar 2007 -hovudtal | 7 |
| 3.3 | Balanserekneskapen | 8 |
| | Nøkkeltal | 9 |

| | |
|------------------------|----|
| Tenestene | 10 |
|------------------------|----|

| | |
|----------------------|----|
| Vedlegg | 28 |
|----------------------|----|

- kostnadsutvikling
- samanstellingar, økonomiske og kvalitative indikatorar
- kommunestyresaker 2007, status

1.0 Innleiing

I tilknytning til rekneskapen vert det lagt fram ei årsmelding frå administrasjonen. Formålet med ei årsmelding er fleire. Årsmeldinga er eit viktig dokument i kommunen sitt informasjons- og rapporteringssystem knytt til:

- Måloppnåing i forhold til sentralt og lokalt vedtekne handlingsplanar
- Økonomiske nøkkeltal med informasjon om den økonomiske situasjonen i kommunen
- Ressursbruk og effektivitet
- Å ta opp kjende utfordringar/signal om endringar, som grunnlag for handling slik at vi er betre budd til å møte framtida
- Rullering av handlingsprogram med økonomiplan

Årsmeldinga må difor brukast aktivt til å stille spørsmål om korrigeringsbehov i forhold til vedtekne planar og driftsomsfang-/måtar. Årsmeldinga inneheld informasjon som det er viktig å gi kommunestyret, innbyggerane og andre innsikt i.

Den kommunale verksemda er prega av høge ambisjonar, ikkje berre m.o.t. omfang og kvalitet i tenesteproduksjonen, men også når det gjeld deltaking i ulike prosjekt og utviklingstiltak. Dette stiller store krav til effektivitet i organisasjonen, om ein skal klare å følgje opp den daglege drifta og samstundes halde framdrift i utviklingsarbeidet. Norddal kommune er i høgste grad det ein må kalle ein samfunnsaktiv kommune, der kommunen aleine eller i partnerskap med andre aktørar, tar initiativ for ny utvikling. Døme på nokre slike utviklingstiltak kommunen har vore med på i 2007, kan vere:

- Vidare arbeid med prosjektet "Muriparken"
- Utvikling av industriområdet Djupøyna
- Nasjonal Turistveg
- Etablering eigedomsselskap
- Oppstart arealplanarbeid
- Leiarutvikling
- Arbeid med verdsarvstatusen
- Åknes/Tafjord-prosjektet
- Prosjektet "Livskraftige kommuner"
- Lokal forvaltning Reinheimen nasjonalpark

Mange av desse tiltaka/prosjekta er komplekse og arbeidskrevjande, og dei fleste er enno ikkje fullført. Ut frå dei ressursane ein har til rådvelde, er det rådmannen si oppfatning at dei fleste har vore følgt opp på ein god måte.

Utforminga av årsmeldinga byggjer på malen frå tidlegare år, og rådmannen meiner at forma på årsmeldinga no er rimeleg godt ivaretatt av dei fleste driftseiningane og dei ulike fagområda i stab. Det er ønskjeleg med tilbakemeldingar og innspel frå politikarane – og andre - for å gjere ho endå betre.

2.0 Utvikling kommuneøkonomien

Som for 2006, viser driftsresultatet eit (marginalt) positivt overskott, men ikkje stort nok med tanke på å skape ein solid "buffer" for svingingar i den kommunale økonomien. Går ein nærmare inn i tala, viser desse at vi har eit driftsmessig underskott før finansinntekter, med særleg overforbruk på løn og kjøp av varer og tenester. Det er auken i eigeninntekter (eigedomsskatt og konsesjonskraft) som skaper driftsmessig balanse for fjoråret. Eit negativt trekk er at fjoråret gav ein stor nedgang i folketalet - 56 innbyggjarar, 1761 pr. 31.12.06), etter ein svak oppgang (+ 9) for 2006. Dette har verknad for overføringane frå staten, utan at ein her skal overvurdere den økonomiske sida. Samansetjinga av folkesetnaden er også viktig, m.a. med tanke på omfanget av tenesteproduksjonen og kostnadene ved denne. Det vert elles vist til kommentarane for rekneskapen nedanfor, og til årsmeldinga for dei ulike drifts-/fagområda.

3.0 Hovudutfordringar framover

Norrdal kommune står framleis, i likskap med mange andre distriktskommunar, ovafor monalege utfordringar knytt til busetnad og næringsutvikling. Kommunen sine eigeninntekter, som ein i prinsippet kan styre fritt, er bunde opp i driftstiltak. Det er sjølvsagt eit politisk val korleis ein vil nyttiggjere seg desse inntektene, men rådmannen er så fri å meine at ein i endå større grad bør tenkje på ny utvikling framfor "sementering" av eksisterande verksemd. Kommunen har eit samfunnsansvar som må ivaretakast gjennom eigne initiativ for utvikling av lokalsamfunnet, og ved å gå inn i partnerskap med andre aktørar – bedrifter, friviljuge lag/organisasjonar og enkeltpersonar, for å skape ei berekraftig utvikling som sikrar livsgrunnlaget for innbyggjarane. Oppheving av byggjeforbodet i Storfjordområdet vil vere avgjerande for utviklinga av kommunen.

Årsmelding 2007 – Norddal kommune

Side 5 av 38

Den kommunale organisasjonen er under sterkt press for å imøtekome alle dei krav og forventningar som vert stilt frå brukarar av tenestene så vel som frå lokale politikarar og sentrale styresmakter. Samstundes som personalressursane kan kjennast knappe nokre gonger, er det i nokre høve vanskeleg å sikre god nok kompetanse for utføring av arbeidet. Ulike former for rekrutteringstiltak vil difor vere naudsynt og avgjerande for Norddal kommune i åra framover, om ein skal oppretthalde kvantitet og kvalitet på tenestene. Nokre tiltak er sett i verk, medan andre er under arbeid, og kommunens rekrutteringspolitikk må få endå større merksemd.

Interkommunalt samarbeid, gjennom ÅRU eller i mindre kommunepartnarskap, vil bli endå viktigare i tida framover med tanke på å kunne oppretthalde kvantitet så vel som kvalitet på det kommunale tenestetilbodet.

Sett under eitt, meiner rådmannen likevel at Norddal kommune har gode mulegheiter for å møte utfordringane framover, om ein nyttar ressursane rett og har perspektiv ut over kvardagen. Vi har ein økonomi under kontroll og medarbeidarar som gjer godt arbeid i den kommunale tenesta, samstundes som kommunen så langt har vist vilje og evne til deltaking i fornyings- og omstillingsprosessar for å skape ny utvikling. Denne samfunnsaktive haldninga må dyrkast, og vi må alle – kvar på vår plass – bidra til positiv omdømmebygging av kommunen!

Årsmelding 2007 – Norddal kommune

Side 6 av 38

BEFOLKNING, ØKONOMISKE HOVUDTREKK OG NØKKELTAL


1.0 Innleiing

Dei indikatorane som inngår i denne delen gir informasjon om utviklingstrekk i økonomien. Totale driftsinntekter er ofte brukt som referansestorleik. Ved å nytte totale driftsinntekter, vert også samanlikning over fleire år meningsfylt, samt at det og seier noko om kva for finansiell ramme kommunen arbeidde innanfor. Kommunen sin produktivitet eller effektivitet er på fleire område blitt lettare å måle.

2.0 Folketal

Folketalsutvikling og samansetjing av befolkning vil vere ein kritisk faktor for kommunen si utvikling og økonomi. Folketalsutviklinga i perioden 1980 - 2007 går fram av tabell:

Folketalsutvikling 1980 - 2007



Ved utgangen av 2007 var det 1 761 innbyggjarar i Norddal kommune, ein nedgang med 56 personar frå 2006. Går ein attende til 1980 er folketallet redusert med 15,4 % eller 321 norddalingar. Frå 1990 til 2000 var nedgangen 59 personar. Frå 2000 til 2006 137 personar og frå 2000 til 2007 193 personar. Prognosa framover viser reduksjon i folketallet.

Det er spesielt frå 1996 at folketallet jamt har gått tilbake og med nettoutflytting.

3.0 Økonomiske nøkkeltal og analyse

I denne delen av årsmeldinga gjev vi ein kortfatta presentasjon av kommunen sine økonomiske nøkkeltall for 2007 og ein analyse av vår finansielle stilling ved årsskiftet. Ein har lagt vekt på å framstille denne delen så enkelt og lettfattelig som mogleg, og berre konsentrert seg om nokre sentrale omgrep.

3.1 DRIFTSREKNESKAPEN 2007– hovudtal

| 1000 kr | Rekneskap 2007 | Budsjett 2007 | Rekneskap 2006 |
|---|-----------------|-----------------|-----------------|
| Rammetilskot | -33 239 | -33 980 | -31 585 |
| Skatt på inntekt, formue, eigedomsskatt | -56 357 | -55 372 | -51 608 |
| Overføringar med krav til motytelse | -22 880 | -17 637 | -20 252 |
| Øvrige driftsinntekter | -39 209 | -35 193 | -31 194 |
| Sum driftsinntekter | -151 685 | -142 182 | -134 639 |
| Lønnsutgifter inkl sos. utgifter | 98 444 | 96 519 | 96 063 |
| Kjøp av varer og tenester | 34 402 | 28 078 | 39 295 |
| Overføringar | 13 749 | 8 532 | 11 178 |
| Avskrivningar | 5 736 | 5 300 | 5 196 |
| Fordelte utgifter | -5 553 | -5 090 | -6 307 |
| Sum driftsutgifter | 146 778 | 133 339 | 134 425 |
| Brutto driftsresultat | 4 907 | 8 843 | 214 |
| Sum Eksterne finansinntekter | -5 532 | -5 320 | -5 457 |
| Sum Eksterne finansutgifter | 11 935 | 13 420 | 9 212 |
| Resultat finanstransaksjonar | -6 403 | -8 100 | -3 755 |
| Motpost avskrivningar | 5 735 | 5 300 | 5 195 |
| Netto driftsresultat | -4 239 | -6 043 | -1 654 |
| Sum bruk av avsetningar | -4 923 | -3 059 | -2 528 |
| Sum avsetningar | 9 123 | 9 102 | 4 041 |
| Resultat mindre forbruk | -39 | 0 | -141 |


Årsmelding 2007 – Norddal kommune

Side 7 av 38

- Rekneskapet for 2007 viser eit positivt netto driftsresultat på 4.239 mill. kroner mot 1.654 i 2006. Etter bruk og avsetjingar til fond og andre finanstransaksjonar, er mindreforbruket(overskot) 39 tusen kroner. Det er avsett 3,5 mill. kroner til disposisjonsfond og 3,7 til andre fond. Bruk av fond syner 5 mill. kroner. Av netto driftsresultatet er det overført 1 mill. kroner til investeringsrekneskapen, Nasjonal Turistveg, jmf. revisjonsmelding frå rekneskapen 2006. Tilskotet kan ikkje belaste investeringsrekneskapen slik det vart gjennomført det året. I forhold til resultatkravet, netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er det lågt. Det har betra seg frå 1,2% både i 2005 og i 2006 til 2,8 i 2007. Over tid bør den vere på over 3%. Negativ eller låg netto driftsresultat svekkjer den økonomiske balansen. For heile landet er resultatet opp mot 3%. Føring av momskompensasjon frå investeringsrekneskapen til driftsrekneskapen er med å skape svingingar i netto driftsresultat frå år til år.
- Kjøp av varer og teneste er ein stor utgiftspost og syner 34,4 million kroner, ein oppgang på 6,1 mill. kroner frå i fjor. Forbruket ligg om lag 6,3 mill. kroner over det budsjetterte. Avviket er vesentleg. Dei største utgiftspostane høyrer innunder forvaltning, drift og vedlikehald.
- Om ikkje avgjerande for sluttresultatet, er auken i dei frie inntektene eigedomsskatt og konsesjonskraft svært viktige inntektskilder for Norddal. Det er viktig at driftsutgiftene er under kontroll.

3.1.1 Netto driftsutgifter i kroner per innbygger

Netto driftsutgifter i kr. pr.innbygger



Netto driftsutgifter er, brutto driftsutgifter, minus øyremerka tilskot og diverse andre inntekter. Netto driftsutgifter blir dekkja av dei frie inntektene, sjå pkt. 3.1.2. Auken i 2007 pr. innbygger kjem av auka netto driftsutgifter. Uttrekk av dei frie inntektene er større enn i 2006. Folketalet har gått ned. Kommunegruppa har sterkare auke i nettoutgiftene, m.a. som følge av endring i inntektene frå øyremerka tilskot.

- Landet sett under eit, kjem Norddal godt over gjennomsnittet per innbygger. Kommunane er inndelt i grupper. I Norddal si gruppe er det med 60 kommunar frå sør til nord.

3.1.2 Utvikling frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, formues- og inntektsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og inntekter frå konsesjonskraft. Det er her Norddal har hovedinntektene.

| | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|-----------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------|
| Sum rammetilskot (ordinært) | 31 765 | 27 925 | 32 905 | 31 585 | 33 239 |
| Skatt på formue og inntekt | 36 630 | 36 307 | 35 621 | 38 262 | 38 616 |
| Eigedomsskatt | 9 431 | 8 357 | 11 166 | 13 345 | 17 741 |
| Konsesjonskraft | 7 320 | 8 33 | 5 831 | 8 605 | 14 587 |
| Sum frie inntekter | 85 146 | 80 922 | 85 523 | 91 797 | 104 183 |
| Endring i % | 11,2% | -4,9% | 5,7% | 7,3% | 13,5% |


- Dei frie driftsinntektene i 2007 syner om lag 12,4 mill. kroner i auke frå 2006. I prosent utgjer auken 13,5%. Samanlikna vi 2005 med 2006 var auken 6,3 mill. kroner.
- Sum rammetilskot auka med om lag 1,7 mill. kroner frå 2006. I tilskotet ligg selskapsskatten som har auka med 1,1 mill. kroner og utgjer i sum 2,8 mill. kroner. Inntektsutjamning(utgift) aukar med 0,5 mill. kroner. Innbyggartilskotet auka med 1 mill. kroner. Andre type tilskot som er inkludert i rammetilskotet har netto marginale endringar. Nedgang i folketalet vil påvirke innbyggartilskotet spesielt.
- Skatt på formue og inntekt har ein marginal auke med 354 tusen kroner frå 2006. I samanlikninga må ein likevel ta omsyn til selskapsskatten som er medrekna i rammetilskotet. Det er inga endring i skatteøret. Naturressursskatt er med i sum skatt formue og inntekt. Den utgjer 11,6 mill. kroner til kommunen, ein nedgang på 100 tusen kroner frå 2006.
- Eigedomsskatten har auka med 4,4 mill. kroner. Auken skriv seg ut frå skattelegging av kraftverk.
- Verdien av konsesjonskrafta har auka med om lag 6 mill. kroner dette året. I perioden 2000-2007 har konsesjonskrafta hatt ei kraftig vekst. Det avgjerande er endring i kraftprisen og treffe det "rette" tidspunktet når krafta blir seld av kommunen. I 2000 var inntekta 0,8 mill. kroner og i 2007 14,6 mill. kroner. Kommunen har 42,6 MWh til disposisjon. Kraftvolumet skriv seg frå dei konsesjonane Tafjord Kraft AS fekk i samband med utbygging av kraftproduksjonen i Tafjord.

Årsmelding 2007 – Norddal kommune

Side 8 av 38

3.1.3 Utvikling finanspostane renteutgifter/-inntekter og avdrag.

Finansinntekter og -utgifter netto, i % av brutto driftsinntekter



Netto finansutgifter har auka med 2,6 mill. frå 2006. Det er i finansutgiftene auken ligg. Det er marginal endring i inntektene. På grunn av auke i rentene har dei gått opp med heile 2,2 mill. kroner frå 2006. Nye lån tok vi opp først mot slutten av året. Netto rente- og avdragsutgifter er mindre enn for kommunegruppa, men høgare enn for kommunane i fylket i snitt.

- Renteutgiftene vil variere med den renta vi forhandlar fram med lånegevarane og den langsiktige gjelda til ein kvar tid. Kommunen har ved utgangen av året ikkje fastrente. Renta var låg i starten på året, men auka utover heile året.

3.1.4 Utgifter til løn

Tabellen viser løn og sosiale utgifter i forhold til samla driftsutgifter. Samla sum til løn og sosiale utgifter i 2007 er i overkant av 98,4 mill. kroner mot i overkant av 96,5 mill kroner i revidert budsjett. Auka utgifter til løn skyldast i tyngda det sentrale lønsoppgjær 1. mai, i tillegg til det lokale oppgjæret i kommunen.

| 1000 kr | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|-------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Løn og sosiale utgifter | 85 124 | 89,656 | 96 064 | 98 443 |
| Brutto driftsutgifter | 119 247 | 125 876 | 134 425 | 146 778 |
| %-vis utgifter til løn | 71,4 | 71,2% | 71,5% | 67,1% |

Lønsutgifter sine relative del av brutto driftsutgifter ser vi er redusert i 2007. Dei sosiale utgiftene er redusert frå 2006. Arbeidsgjevaravgift vart redusert frå 14,1% til 10,6%.

- Utgiftene til løn har auka med om lag 3,6 mill. kroner frå 2006. Påslaget var mellom 4,5- 5%.
- Godtgjersle til *politisk styring og kontrollorgan*, brutto driftsutgifter per innbyggjar, er under kommunegruppa, men langt over kommunane i Møre og Romsdal dette året også. Norrdal har 1286 kroner per. innbyggjar og kommunane i fylket 468 kroner i snitt.
- Lønsutgiftene til *administrasjon og fellesutgifter* per innbyggjar viser at vi er 39% under kommunegruppa. Kommunane i fylket har 2 948 i snitt og Norrdal 4125.
- Av dei *totale lønsutgiftene* går 44,1 % til pleie og omsorg og 24,3% til grunnskuleopplæring.

3.2 INVESTERINGAR 2007 – samandrag

| Beløp i 1000 kr | Rekneskap 2007 | Budsjett 2007 | Rekneskap 2006 |
|-------------------------------------|----------------|---------------|----------------|
| Sum inntekter | -1 040 | - 430 | - 1 226 |
| Sum investeringar | 27 087 | 67 474 | 21 268 |
| Avdragsutgifter | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidlegare udekka (2006) | 815 | 821 | 258 |
| Avs. til ubundne investeringsfond | 38 | 0 | 16 |
| Avs. til bundne fond | 0 | 0 | 0 |
| Avs. til likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av aksjer/andeler/tidl.dekning | 277 | 2 786 | 975 |
| Sum Finansransaksjonar | (1 130) | | (1 249) |
| Finansieringsbehov | 27 177 | 70 651 | 21 291 |
| | Rekneskap 2007 | Budsjett 2007 | Rekneskap 2006 |

Finansiert slik:

| | | | |
|--------------------------|--------|--------|--------|
| Bruk av lån | 24 548 | 55 539 | 19 885 |
| Mottatte avdrag på utlån | 207 | 100 | 173 |

Årsmelding 2007 – Norddal kommune

Side 9 av 38

| | | | |
|----------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| Salg av aksjer og andeler | 0 | 10 900 | 0 |
| Bruk Av tidl. års udisponert | 0 | 0 | 0 |
| Overført frå driftsregnskapet | 2 015 | 1 050 | 408 |
| Bruk av disposisjonsfond | 19 | 2 585 | 10 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne fond | 111 | 200 | 0 |
| Bruk av likviditetsreserve | 0 | 0 | 0 |
| <i>Udekk/udisponert</i> | <i>(276)</i> | <i>(276)</i> | <i>(815)</i> |
| Sum finansiering | 27 177 | 70 651 | 21 291 |

- Investeringar har i fleire år vore kapitalkrevjande. Det meste er finansiert gjennom låneopptak. 2007 er ikkje noko unntak. 90,3% er finansiert på denne måten. Andre finansieringskilder er overføring frå drift og eksterne tilskot. I fjor var andelen av lån 93,5%.
- Av større investeringstilskot er det bokført 810 tusen kroner frå Næringsavdelinga i fylket til Djupøyna industriområde. Valldal skule har motteke 200 tusen kroner i statstilskot til heis. Det er budsjettert sal av aksjar med 10,9 mill. kroner som ikkje er gjennomført. Det er heller ikkje utgiftsført kjøp av aksjar, men avsett til kjøp i helsehuset.
- Overføring av unytta midlar til investering har variert frå det eine året til det andre. I overføringa er det prosjekt som ikkje har start opp eller er avslutta i rekneskapsåret. Prosjekt kan vere i arbeid over fleire år. Ein kan difor ikkje automatisk samanlikne budsjett og rekneskap år for år. 2007 viser at akkumulert overføring er på heile 41,8 mill. kroner. I 2006 25,1 mill. og i 2005 16,5 mill. kroner. Av sum overførte beløpet i år, høyrer 16,5 mill. kroner til eigedomsselskapet. Det største investeringsvolumet av brutto utgifter er til Åsevegen også dette året.

3.3 BALANSEREKNESKAPEN

Balanserekneskapen inneheld aktiva og passiva og med bokført kapital 441.202 mill. kroner ved utgangen av året. *Aktiva* inneheld anlegg- og omløpsmidlar. *Passiva* eigenkapital, lang- og kortsiktig gjeld. I tillegg er memoriakonto lån rubrisert. Det blir elles vist til balanserekneskapen.

3.3.1 Aktiva(eigedelar):

Anleggsmidlane har auka til 401,6 mill. kroner. Faste eigedomar og anlegg er endra med 16,8 mill. kroner til 226,6 mill. kroner. Deler av aktivagrappa blir overført til det nye Eigedomsselskapet i 2008. I grappa utlån er ansvarleg lån Tafjord kraft AS og Norddal Elverk AS oppført med 18,8 mill. kroner. Utlån frå Næringsfondet er redusert med 598 tusen til 1,1 mill. kroner. Aksjar og andeler har auka med 277 tusen kroner som er eigenkapitalkravet til KLP. Sum aksjer og andelar syner 33 mill. kroner.

Omløpsmidlane syner 39,6 mill. kroner. Kortsiktige krav har auka med netto med 1,1 mill. kroner. Årsaka er interimførte inntekter i 2007, som først blir innbetalt i bank i 2008. Slike overføringar variere frå år til år. Det som påvirkar auken mest dette året er eit tilskot frå fylket 810 tusen kroner til anlegget Djupøyna. Kassa og bank har auka frå 31,7 mill. kroner til 39,6 mill. kroner. Likviditeten har jamt over vore god. Ei årsak til storleiken ved året slutt er låneopptak til investering ein av dei siste dagane i desember. For å spare renteutgifter blir den fortløpande likviditeten gjennom året nytta til investering.

3.3.2 Passiva(eigenkapital og gjeld):

Eigenkapital. Alle type fond har tilsaman auka med netto 2,1 mill. kroner. *Disposisjonsfonda* er påplussa 3,1 mill. kroner. Det spesifikke disposisjonsfondet har heile auken. Dei bunde driftsfonda er redusert med 0,9 mill. kroner. Årsaka er avsette ubrukte midlar til Næringsfondet. Bundne og ubundne investeringsfond har marginale endringar dette året.

Langsiktig gjeld. I sum langsiktig gjeld inngår ikkje pensjonsforpliktingane. Veksten i investeringane kom med full tyngde frå 2002 og dermed auka lånegjeld. Dei tre neste åra flata langsiktig gjeld seg meir ut. Netto lånegjeld i 2007 auka med 20,5 mill. kroner. Overføring av opptekne lån, men ikkje brukte, (*memoriakonto/interim*) til finansiering i 2008 syner 6,1 mill. kroner.

| | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|---------|--------|--------|--------|---------|---------|
| Norddal | 97 816 | 99 587 | 99 602 | 113 430 | 133 959 |

Kortsiktige gjelda syner 33 mill. kroner. I 2006 28 mill. Gjelda vil variere frå år til år. Den inneheld til dømes skuldig skattetrekk, arbeidsgjevaravgift, feriepengar, private leverandørar og oppgjør av meirverdiavgift.

3.4 NØKKELTAL

3.4.1 Netto resultatgrad

Indikatoren viser netto driftsresultatet i % av driftsinntektene, etter at driftsutgiftene, netto renter, -avdrag, kommunale utlån og utbytte er med. Sentrale myndigheter legg til grunn resultatgraden i kommunane ikkje bør være under 3%. Desse midlane vil då kunne nyttast som buffer for svingingar i økonomien og til eigenkapital ved investering. Netto driftsresultat er å sjå på som den primære indikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren.

| | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|--------------------|------|-------|------|------|------|
| Netto resultatgrad | 0,9% | -0,3% | 1,2% | 1,2% | 2,8% |

- Netto resultatgrad er i 2007 på 2,8%. I kommunegruppa av gjennomsnittleg resultatgrad 1,6%. Tilsvarende resultat i snitt for kommunane i Møre og Romsdal 0,4%. Vi ser at kommunen sin resultatgrad har variert dei siste åra, men vesentleg betra seg i 2007 mest på grunn av høvesvis større driftsinntekter enn –utgifter.

3.4.2 Kapitalutgiftsgrad

Den syner kor stor del av kommunen sine brutto driftsinntekter som går med til å dekke kapitalutgifter. Kapitalutgiftsgraden bør ikkje overstige 7 %.

| | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|
| Samla driftsinntekter | 118 976 | 117 416 | 124 796 | 134 639 | 151 685 |
| Netto kapitalinntekter/utgifter(finans) | 9 534 | 3 870 | 2 564 | 3 756 | 6 404 |
| Kapitalutgiftsgrad | 8,0% | 3,3 % | 2,0 % | 2,8% | 4,2% |

- Kapitalutgiftsgraden ser vi er på vei vidare oppover i 2007. Årsaka er høvesvis vesentleg større auke i netto kapitalutgifter enn i kapitalinntekter. Inntektene er nesten uendra frå 2006. Renteutgiftene har auka frå 3 mill. kroner i 2006 til 5,3 mill. krone eller 76 %. Avdraga frå 6,2 mill. kroner til 6,7 mill. kroner
- Driftsinntektene har auka opp mot 13% frå førre året. Viser til pkt. 3.1.3.

3.4.3 Sjukefråvær

| | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|-------------------|------|-------|------|------|
| Samla sjukefråvær | 8,1% | 7,7 % | 9,3% | 9,9% |

- Her er vist sjukefråværet *inkl. eigenmelding*. Fråværet har auka frå 9,3 % i 2006 til 9,9% i 2007. Fråværet ved eigenmelding er noko redusert. Ramma for eigenmelding på 24 dagar er ikkje endra. Endringane i arbeidsmiljølova og folketrygdlova av 1. mars i fjor sette større krav til arbeidsgjevar sitt ansvar.
- Mange faktorar påverkar sjukefråværet. Fråværet auka i første halvår, men meir stabilt i andre halvår.

- Vidareutvikling Murigrandane
- Årsmelding
- Kommuneplan arealdel
- Årsbudsjett. Øko-plan
- Etabl. eiedomsselskap
- Lønnspolitisk plan
- Seniorpolitikk
- Kompetanseutvikling, kartlegging mv.
- Rekrutteringstiltak
- Saksbehandlingsystem
- Kommunestyreval/Fylkestingsval
- Registrering nytt avgiftssystem
- Verksemdene - oppfølging
- Årsplanlegging
- Årsmelding
- Kvartalsrapportar
- Kontroll oppfølging vedtak
- Etablering komplett styringssystem
- Effektivitetsnettverka
- Tenestekvalitet, kontrollar
- Prosjektleiing kommunal del av Muriparken
- Regulering av skulekrinsar
- Beredskapsplanlegging

Særskilde utfordringar i tida som kjem

- Sjølv om Norddal kommune har vore gjennom ein administrativ (og politisk) omorganiseringsprosess, er det naudsynt at vi heile tida ser med kritiske auge på organisasjonen vår, med sikte på å optimalisere tenestetilbodet. Vi må satse på utvikling av leiarane våre, m.a. ved å leggje vekt på samhandlingsarenaer der ein kan utvikle vi-kultur og skape grunnlag for heilskapstenking og – løysingar. Det er behov for ei avslutning av gjennomgangen av arbeidsoppgåver og ansvarstilhøve så vel *innan* sentraladministrasjonen (rådmannsleiinga og stab/støtte-funksjonar) som i tilhøvet *mellom* sentraladministrasjonen og dei "ytre" verksemdene. Målsettinga er ei betre arbeidsdeling og klargjering og konkretisering av arbeidsoppgåver og ansvar.
- Vi må vere godt nok budd på dei ulike problemstillingar som kjem. I samband med tenesteytinga, må arbeidsgjevarfunksjonane i kommunen kome tydeleg fram. Norddal kommune som organisasjon har monalege ressursar, ikkje minst gjeld det eit godt kvalifisert personale med høg motivasjon for å yte best mogleg tenester til innbyggjarane. Sjølv om det kan synast som behova ofte er langt større enn dei kommunale ressursane kan sette, er det ingen tvil om at det totale tenestetilbodet og den kommunale infrastrukturen har god standard. Dei statlege overføringane har vorte redusert som følgje av minkande folketal, men dette er langt på veg kompensert gjennom auka eigeninntekter. Imidlertid veks behovet for eit auka medvit i samband med løyvingar, og bruken av løyvingane.
- Det beste utgangspunktet for nødvendige endringar i kommuneorganisasjonen, er å bygge forståinga av omgrepet service i alle plan og hos tilsette i kommunen. Det er her særst viktig å bygge evna til å sjå utover. I dette ligg at kommunen sett tenestene i fokus, noko som medfører at rammevilkåra for ulik yrkesutøving/yrkesroller endrar seg. I om at brukarfokuset blir auka. Vidare er det ei stor utfordring å sjå koplinga mellom arbeidsmiljø og kvalitet. Sentralt her vil vere å auke produktivitet kombinert med kvalitetsretting, noko som krev samordning. Det nye styringssystemet legg opp til dette. Folketalutviklinga i Norddal kommune har dei seinare åra vore negativ med unntak av 2006, og det har konsekvensar for statlege overføringar og derved den kommunale økonomien. Likevel syner statistikk og økonomiske oversiktar at vår kommune har eit omfang på dei kommunale tenestene som ligg over dei kommunane det er naturleg å samanlikne seg med. Tida er no mogen for å sjå etter om ressursane blir nytta på beste måte.
- Auka krav til effektivitet og produktivitet vil krevje evne til nytenking og omstilling i den kommunale organisasjonen, og vi vil i større grad møte forventningar om tverrfaglege heilskapsløysingar i tenesteproduksjonen. Krava og utfordringane til kommunen som aktiv samfunnsutviklar vil truleg auke, og kommunen vil i endå større grad vere medaktør i tiltak for å skape attraktive arbeidsplassar.
- Kartlegging av kompetanse er ikkje fullført. Arbeid med plan for kompetanseutvikling må få prioritet i 2008. I mange høve er utdanningstiltak sett i gang utan at det er sett i samanheng med heilskap og behov. Tilbod om kompetanseheving i regi av Vitafjord vil vere ønskeleg. I 2006 og 2007 har vi opplevd at det stadig blir vanskelegare å rekruttere fagfolk til mange av dei utlyste stillingane. Ein god rekrutteringsplan bør utarbeidast. Fokus må rettast både på tiltak til eksterne søkjarar og til intern kompetanseheving.
- Det har vore auke i samla sjukefråver samanlikna med tidlegare år. Fråværet stig årleg.
- Det er etablert eit godt samarbeid med NAV gjennom avtalen om Inkluderande arbeidsliv, men i mange høve er dette eit arbeid som går over lang tid med den einskilde arbeidsuføre. Arbeid med å redusere sjukefråveret må ha sterkt fokus også i 2008. Vi opplever for alvor at kampen om arbeidskrafta tek til.
- Budsjettkontroll og plikten til å halde seg innanfor dei vedtekne budsjetta må skjerpast inn. I samband med lplos får ein no nye og enda betre kunnskapar om driftsføresetnader i kommunen.

Teneste: Administrasjon
Eining/ansvarsområde: Servicetorget

- Mål for ansvarsområdet/kort skildringa av tenesta**
- Skal vere bindeledd mellom publikum og det offentlege; yte gode tenester eksternt
 - Bidra til god samordning internt og syte for gode og effektive interne tenester
 - Yter tenester for Indre Sunnmøre Likningskontor, frå 01.01.2008 kalla Stranda skattekontor.
 - Yter tenester for Norddal Eigedomsselskap KF
-

- Nøkkeltal**
- 6 årsverk
 - Permisjonar og vakansar medførte at det var innleigd ferievikar i 2007
 - 0,5 ekstra årsverk frå 01.11.07 i 6 mnd i samband med innføring av NOARK 4-system
-

Økonomiske resultat

- Administrative eller faglege resultat**
- Arrangør av nettverkskonferanse i Ålesund for servicetorgtilsette saman med Averøy kommune. (2 grupper x 2 dagar)
 - Oppfølging av resultat frå kommunetest - fokus på informasjonsflyt
 - Samarbeidsavtalar med verksemdene
 - Beredskapsplanlegging
 - Kommune- og fylkestingsvalet 2007. Førbeingsarbeid, gjennomføring, etterarbeid og oppfølging.
 - Acos Web-sak. Nytt elektronisk sakshandsamarsystem. Planlegging, prosjektarbeid, innføring, opplæring og implementering
 - Norddal Eigedomsselskap KF; servicetorgoppgåver knytt til oppstart og etablering - system og rutiner.
 - Kommunale avgifter; omlegging og vedlikehald
 - Opplæring av nyttilsette
 - Intern opplæring i bruk av nye dataprogram, m.a.:
 - GISLINE – kart
 - Intralink
 - Gardskart
-

Særskilde utfordringar i tida som kjem

- Implementering av Websak
 - Modular som står att: Ansatt, byggesak, elektroniske søknadsskjema m.m
 - Vakansar i stillingar skaper ringverknader – vert synleg og merkbar for servicetorget
 - Styrking av informasjonstenesta
 - Bemanningssituasjonen og fordeling av arbeidsoppgåver
 - Kompetanseutvikling
 - Interne rutiner; oppfølging og utvikling
-

Teneste: Skulefritidsordning (SFO) - 2007

Eining/ansvarsområde: Valldal skule, Dalsbygda skule og barnehage, Tafjord skule og barnehage, Eidsdal skule.

Mål for ansvarsområdet/

SFO-tilbudet skal:

- Vere eit godt fritid- og tilsynstilbod for elevar i 1. – 4. kl. før og etter skuletid og elles når barna har fri frå skulen på dagtid.
- Sikre borna sitt behov for trygg omsorg og tilsyn.
- Medverke til at borna får eit godt og heilskapeleg tilbod som gir læring og utvikling.
- Gi borna ei oppleving av tryggleik, nærleik og respekt i eit miljø prega av leik og fysisk aktivitet.

Kort skildringa av tenesta

Eidsdal har i 2006 ikkje hatt born i SFO.

Ved Valldal skule har opningstida i 2006 har vore utvida i høve til tidlegare år. Dvs. at tilbode har vore ope i feriane og i sommarferien med unntak av to veker. Valldal har hatt eit samarbeid med Syltebøen barnehage når det gjeld bemanning i den utvida opningstida. Tilbodet opnar kl 0730 og stengjer 1630. I Dalsbygda er opningstida 0715 – 1615, og Tafjord hadde våren 07 ope i tida 0720-1500. Eidsdal har hatt eit SFO tilbod hausten 07. Opningstidene har vore frå 1405-1630 måndag, onsdag og fredag.

Nøkkeltal

| | Brukarar 06 | Brukarar 07 | Årsverk 06 | Årsverk 07 |
|------------|-------------|-------------|------------|------------|
| Dalsbygda | 7 | 13 | 0,30 | 0,40 |
| Tafjord * | 4 | 4 | 0,2 | 0,2 |
| Eidsdal ** | - | 8 | - | 0,2 |
| Valldal | 30 | 39 | 1,71 | 1,8 |

Økonomiske resultat

Netto budsjettal

| | Budsjett 07 | Rekneskap 07 | Avvik i kr |
|------------|-------------|--------------|------------|
| Dalsbygda | 83 300 | 34 525 | -48 775 |
| Tafjord * | 53 100 | 15 860 | -37 240 |
| Eidsdal ** | 15 000 | 14 654 | -346 |
| Valldal | 497 200 | 398 300 | -98 900 |

Administrative eller faglege resultat

SFO-tilbudet ved Dalsbygda skule og barnehage er heilt eller delvis integrert med barnehagen. Foreldra vel sjølv fritt dagar, tidspunkt og samla timetal. Dei kan og velje om tilbodet skal følgje skuleåret eller barnehageåret. Dalsbygda skule har eige SFO-rom.

*SFO- tilbodet ved Tafjord skule vart avslutta sumaren 2007 samtidig med at skulen vart lagt ned og elevane overført til Valldal skule.

**Eidsdal skule oppretta eit SFO tilbod ved skulestart hausten 2007. Tilbodet blir gitt etter skuletid tre dagar i veka. Lokala som vert nytta er dei same som vert brukt til småskuletrinnet ved skulen.

Ved Valldal skule er tenesta er fysisk plassert saman med småskuletrinnet. Romma som vert brukte er godt tenelege til føremålet og er felles med det som blir nytta til undervisning. Det same gjeld utstyret. Leikene er i god stand og det utvendige leikearealet er godt tilpassa aldersgruppa. Alle foreldre har i år fått det tilbodet dei har søkt om.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Behovet foreldra melder inn for feriane, viser seg å vere større enn det reelle behovet. Det blir difor ei utfordring å finne fram til løysingar som gir eit godt tilbod utan at kostnadene vert for store. For komande skuleår prøver vi med kortare opningstid, men registrerer trongen for tilbod i feriane for eventuelt å komme fram til eit samarbeid med barnehagen som erfaringsmessig også har få barn i mange av feriane.

Teneste: Grunnskule

Eining/ansvarsområde: Dalsbygda skule og barnehage, Eidsdal skule, Tafjord skule og barnehage, Valldal skule.

**Mål for ansvarsområdet/
Kort skildringa av tenesta**

Drift av grunnskulane er regulert gjennom **Lov om grunnskulen** med forskrifter og **Læreplan for grunnskulen**.

Lov om grunnskulen seier:

Grunnskulen skal i samarbeid og forståing med heimen hjelpe til med å gi elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle evnene og føresetnadene deira, åndeleg og kroppslig, og gi dei god allmennkunnskap, slik at dei kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn.

Opplæringa i grunnskulen skal fremje menneskeleg likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar.

Opplæringa skal leggje eit grunnlag for vidare utdanning og for livslang læring og støtte opp under eit felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlag og eit høgt kompetansenivå i folket.

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hos den enkelte eleven.

Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar, mellom skule og heim og mellom skule og arbeidsliv. Alle som er knytte til skulen, skal arbeide for å hindre at elevar kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.

Læreplan for grunnskulen omfattar:

Generell del. Læringsplakaten. Fag og timebyteplan. Fagplanar med formål, innhald, grunnleggjande ferdigheiter, kompetansemål og vurdering.

Grunnskuleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført det tiande skuleåret.

| Nøkkeltal | Elevtal 06 | Elevtal 07 | Årsverk 06 | Årsverk 07 |
|------------------|------------|------------|------------|------------|
| Dalsbygda skule | 22 | 22 | 3,85 | 3,62 |
| Eidsdal skule | 65 | 64 | 11,71 | 11,71 |
| Tafjord skule | 9 | 9 | 2,35 | 2,11 |
| Valldal skule | 164 | 177 | 22,85 | 23,90 |

| Økonomiske resultat | Rekneskap 07 | Budsjett 07 | Avvik i kr | Forbruk i % |
|----------------------------|--------------|-------------|------------|-------------|
| Dalsbygda skule | 2 295 511 | 2 373 500 | -77 989 | 96,7 |
| Eidsdal skule | 6 410 437 | 6 275 135 | -135 302 | 102,2 |
| Tafjord skule | 776 445 | 664 900 | -111 545 | 116,78 |
| Valldal skule | 13 189 677 | 12 961 000 | 228 677 | 101,8 |

Administrative eller faglege resultat

Alle skulane:

- Kommunen har eit godt kvalifisert personale med høg utdanning og sterk vilje til å gjere eit godt arbeid.
- Alt personale har delteke i ulike former for kompetanseheving.
- Det er satsa på å ha eit godt styringsreiskap gjennom ulike planar som verksemdsplanar, halvårsplanar, vekeplanar.
- Det blir arbeidd systematisk med å skape eit trygt og godt arbeids- og læringsmiljø.
- IKT blir brukt aktivt av tilsette og elevar for å effektivisere arbeidet og betre kvaliteten.
- Det er satsa på deltaking i nasjonale eller eigne prosjekt. Det er gjennomført kvalitetsundersøkingar der resultatet har vore noko lågare enn forventa. I tillegg skriftleg og munnleg eksamen for avgangselevane med godt resultat.
- Skulane blir etter tur vurderte av eksterne fagfolk som gir råd om vegen vidare. Dette året var det Dalsbygda skule og barnehage som hadde vurdering våren 07. Vurderingane blir sett på som svært nyttige for dei skulane som har gjennomført dei.

Spesielt for Dalsbygda:

- Har satsa på ulike område som leseprosjekt, dans/drama, natur/nærmiljø/friluftsliv. Presentasjon av nokre prosjekt for foreldre.
- Bruk av lokale informantar i samband med historieprosjekt knytt til sæterdrift m.m. på Innsetsætra.
- Auka fokus på begynnropplæring, særleg lesing.
- Arbeid med å utvikle betre arbeidsplanar/vekeplanar.
- Forsøk med felles frukost/lunch.

- Prioritert kursing/etterutdanning av personalet.
- Har pussa opp toaletta i skulen til topp standard.
- Fått lagt breibandkabel fram til bygninga.

Spesielt for Eidsdal:

- Har vore med i leseprosjektet Gje rom for lesing.
- Har fortsett arbeidet med prosjektet "Skulen ut til folket – folket inn i skulen"
- Samarbeid med Dalsbygda og Geiranger om innføringa av Kunnskapsløftet
- Er inne i ein prosjektperiode med delt administrasjon.

Spesielt for Tafjord:

- Har hatt svært lågt barnetal, og vart lagt ned frå 01.08.2007.

Spesielt for Valldal:

- Vi har satsa på vidareutvikling av godt arbeids- og læringsmiljø ved skulen.
 - Har arbeidd spesielt med å forbetre elevarkiv, rutiner og dokumentasjon.
 - Har vidarutvikla bruk av elektronisk læringsplattform innan elevvurdering og i samband med administrative rutinar ved skulen.
 - Ein lærar deltar i korps for ekstern vurdering og koordinering/ tilrettelegging av tiltak innan Nordre Sunnmøre kompetanseregion (NSKR).
 - Er med i 2 utviklingsprosjektet. "Bedre vurderingspraksis" – nasjonal utprøving av kjenneteikn på måloppnåing i fag og prosjektet "Matglede og matmangfald".
 - 2 lærarar har teke til med vidareutdanning i matematikk. 2 lærarar tek etterutdanning i naturfag.
 - Har også i år gjennomført kabaret i ungdomsskulen. Utviklande både for miljøet og personleg for elevane.
-

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Alle skulane:

- Vidare arbeid med lokale fagplanar og nye vurderingsformer i samband med Kunnskapsløftet.
- Kompetanseutvikling gjennom etter- og vidareutdanning for å dyktiggjere lærarane til å undervise etter Kunnskapsløftet.
- Utarbeide gode planar og rutiner for kvalitetsutvikling og kvalitetssikring i arbeidet med å skape ein betre skule.
- Gjennomføre plan for samarbeid mellom skulane i kommunen.
- Innkjøp av nye læremiddel og lærebøker som er tilpassa dei nye planane.

Spesielt for Dalsbygda:

- Behalde/rekruttere personale som har kvalifikasjonar/røynsle for fådelt skule.
- Nye leikeapparat på skuleplassen.
- Gode pedagogiske og sosiale tilbod for alle barn i bygda.
- Skulen skal vere ein stad der alle tek vare på kvarandre.
- Utvendig bygningsmessig vedlikehald.
- Få på plass breiband.

Spesielt for Valldal:

- Langsiktig rekrutteringsplan når det gjeld lærarar er nødvendig. Bustad har synt seg å vere viktig.
- Eigne midlar til etter- og vidareutdanning blir viktig når statlege midlar knytt til "Kunnskapsløftet" blir redusert/ borte.
- Forprosjekt for renovering av idrettsbygg/samfunnshus og deler av skulen er i gong. Arbeidet ser ut til å bli omfattande og kan ta til når planar er utarbeidde/godkjende.
- Vidareutvikle samarbeidet med føresette og nytte resultatane frå elev- og brukarundersøkingar til å utvikle ein betre skule.

Spesielt for Eidsdal:

- Inventar og utstyr begynner å bli elda, må skiftast ut framover.
 - Behalde og rekruttere personale på ungdomssteget. Samt kjønnsbalanse i personalet.
 - Vedlikehald av skulen utvendig.
 - Utnytting av breiband gjennom fiberkabel.
-

Teneste: Vaksenopplæring - 2007
Eining/ansvarsområde: Valldal skule

Mål for ansvarsområdet/ Dette er ei teneste som skal gi tilbod om opplæring til innbyggjarane innan fleire område. I 2007 omfatta dette følgjande:

Kort skildringa av tenesta

- Opplæring i norsk og samfunnsfag for innvandrarakar.
- Vedlikehaldsundervisning for vaksne utviklingshemma.

Det er ei målsetting at denne tenesta skal:

- Gjere det lettare for innvandrarakar å verte integrert i lokalsamfunnet.
- Gi utviklingshemma ein meir meiningsfull kvardag.

Det er Valldal skule som er tillagt ansvaret for å gi tenester på dette området.

Nøkkeltal Årsverk i dette tenesteområdet:

| Stilling | Vår 07 | Haust 07 |
|-------------|--------|----------|
| Lærarakar | 0,77 | 0,77 |
| Assistentar | 0 | 0 |
| Sum årsverk | 0,77 | 0,77 |

Økonomiske resultat Budsjett og rekneskap

| | Budsjett | Rekneskap | Avvik i kr |
|------------|----------|-----------|------------|
| Utgifter | 526 300 | 550 900 | 24 600 |
| Inntekter | -106 300 | -120 550 | -14 250 |
| Netto utg. | 420 000 | 430 390 | 10 390 |

Det vert kjøpt tenester av Stranda kommune for om lag 140 000kr til vaksne funksjonshemma. Dette er medteke i tabelloppsettet som viser utgifter/inntekter i 2007.

Innvandrarakar som ikkje har rett på opplæring i norsk og samfunnsfag betaler 25 kr timen for å delta i undervisninga (etter vedtak i driftsutvalet).

Administrative eller faglege resultat

Undervisninga av vaksne innvandrarakar har både vår og haust vore fordelt på 3 økter på til saman 8 timar (to på kveld og ei på dagtid). Ein elev har også dette året blitt oppmeldt til prøve. Mellom 3 til 6 elevar deltok våren 07. Hausten 08 deltok gjennomsnittleg 6 personar. Totalt 18 personar deltok i større eller mindre grad. 14 av desse frå land i EU-området. Desse har betalt 25 kr i eigendel for kvar time dei har delteke. Det er ei stor utfordring å samtidig å gi opplæring til ei gruppe personar som kjem frå ulike land samtidig som frammøte varierer sterkt. At så mange denne hausten har vist interesse for opplæring i norsk viser at behovet er til stades, men at det har vore vanskeleg å imøtekomme alle ønskje om innhald og tidspunkt. Vaksne utviklingshemma får opplæring med sikte på å vedlikehalde dugleik innan lesing, skriving og talforståing i tillegg til å kunne lage mat og stelle hus og klede i den grad det er teneleg for den einskilde. Trongen for slik opplæring bør gå fram av individuelle planar for dei som tilhøyrer denne gruppa. I dag vert deler av denne undervisninga utført saman med elevar frå Stranda kommune og kombinert med arbeid på verna bedrift (ASVO).

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Refusjon i for undervisning av innvandrarakar og flyktningar som kjem etter 1. sept. 05. vert gitt med eit fast beløp pr. person og ikkje som no etter talet på grupper. For ei kommune med få flyktningar/ innvandrarakar vert difor finansiering av opplæringa ei utfordring etter kvar som dei som kom før den aktuelle datoen har fått si opplæring.

Vidare blir det i større grad nødvendig å ha individuelle planar som seier meir om opplærings-tilbodet i høve til den einskilde vaksne utviklingshemma kommunen har ansvar for. Opplæringa må også veksle mellom individuell opplæring/rettleiing og opplæring i grupper tilpassa den einskilde sine behov. Skal vi få til dette, må vi også i tida frametter samarbeide med andre kommunar om felles tilbod til denne gruppa.

Teneste: Barnehage

Eining/ansvarsområde: Syltebøen barnehage, Eidsdal barnehage, Dalsbygda skule og barnehage, Tafjord skule og barnehage (den sistnemnde fram til 31.07.07).

Mål for ansvarsområdet/Kort skildringa av tenesta Sentralt for barnehagane er **Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar**. I lov om barnehagar står det m.a.: Barnehagen skal gje born under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetmuligheiter i nær forståing og samarbeid med heimen. Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Barnehagen skal hjelpe heimane med omsorgs- og oppdragaroppgåver, og på den måten skape eit godt grunnlag for borna si utvikling, livslange læring og aktive deltaking i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal gje born grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Barnehagen skal formidle verdiar og kultur. Departementet fastset ein rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gje retningslinjer for innhaldet og oppgåvene til barnehagen. Rammeplanen kan ha lokale tilpasningar.

| Nøkkeltal | Årsverk | Barnetal 06 | Barnetal 07 | Årsverk 06 | Årsverk 07 |
|-----------|---------------------|-------------|-------------|------------|------------|
| | Syltebøen barnehage | 57 | 62 | 12,04 | 10,55 |
| | Eidsdal barnehage | 20 | 16 | 2,90 | 3,20 |
| | Dalsbygda barnehage | 13 | 8 | 2,42 | 2,22 |
| | Tafjord barnehage | 2 | 2 | 1,09 | 1,09 |

| Økonomiske resultat | Rekneskap 07 | Budsjett 07 | Avvik i kr | Forbruk i % | |
|---------------------|---------------------|-------------|------------|-------------|-------|
| | Syltebøen barnehage | 1 611 356 | 1 103 330 | 508 026 | 146,0 |
| | Eidsdal barnehage | 631 318 | 388 700 | 242 618 | 162,4 |
| | Dalsbygda barnehage | 346 174 | 454 600 | -108 426 | 76,1 |
| | Tafjord barnehage | 25 664 | 466 700 | -441 036 | 5,5 |

Merknad: Syltebøen barnehage: Årsaka til det høge overforbruket er feilføring av statstilskotet i rekneskapen.

Eidsdal barnehage: Årsaka til det høge overforbruket kan forklarast med følgende: Punkt1. I løpet av 2007 har vi hatt to assistentar som har gått ut i svangerskapspermisjon. Assistent to vert løna av budsjettet tom 04.07.08. Punkt 2. Manglande reguleringar etter lønsforhandlingar haust 2007. Punkt 3. Ivestering på uteområdet er trukket fra årsbudsjettet, og ikkje frå investeringsbudsjettet. Punkt 4. Med ei grunnbemanning på 2 er vi sårbar ved fråver, og ved alt fråver må det leigast inn vikarar. Punkt 5. Feilberekning av statsstøtte på 3 barn.

Administrative eller faglege resultat

Alle barnehagane:

- Innføring av ny barnehagelov og ny rammeplan, planlegging av utviklingsprosjekt.
- Vedteke kommunal kompetanseplan.
- Systematisk jobbing med kvalitetsutvikling og kvalitetssikring.
- Brukarundersøkingar og evalueringsskjema.
- Kontrollert økonomistyring.
- Delteke på barnehagekonferansen og i nettverkssamlingar interkommunalt.
- Godt samarbeid verksemdene imellom

Spesielt for Syltebøen:

- Vi arbeider vidare med STEG FOR STEG (sosial kompetanse).
- Samarbeid med Valldal skule m.a. om ferieavvikling.
- Nedgang i sjukefråværet.
- Solid og stabil personalgruppe med høg kompetanse.
- Flott markering av barnehagedagen.
- Høg fokus på HMS.

Spesielt for Eidsdal:

- Godt samarbeid med Dalsbygda og kyrkjekontoret rundt hausttakkefest
- Uteområdet har fått eit løft: uteplass, gjerde, sandkasser, planering
- Mykje flott arbeid med FORUT prosjekt
- Har arbeida rundt temaet sosial kompetanse og natur, miljø og teknikk
- Godt engasjement og flott oppmøte på ulike tilstelningar i barnehagen
- Stor glede og arbeidslyst i personalgruppa
- Har arbeida bevisst med dokumentasjon i barnehagen

Spesielt for Dalsbygda:

- Skuleelevane kjem til barnehagen og les for dei.
- Skuleførebuaende opplegg for 5/6-åringane.
- Prioritert kursing av personalet.

- Samarbeid med kyrkjekontoret og Eidsdal barnehage om hausttakkefest.
 - Samarbeid med skulen om ymse arrangement.
 - Ymse arrangement der foreldre/besteforeldre er inviterte.
 - Arbeid mykje med språkstimulering, språkutvikling og dokumentasjon.
- Tafjord barnehage vart lagt ned frå 01.08.2007.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Alle barnehagane:

- Tilpassing til ny barnehagelov og ny rammeplan. Utarbeiding av lokale planar.
- Høgt fokus på arbeidsmiljø, særleg gjennom utviklingsarbeid og arbeid med struktur og rutiner.
- Satsing på kompetanseheving
- Meir formalisert kontakt mellom barnehagane i kommunen.

Spesielt for Syltebøen:

- Halde fråværet nede på same nivå som slutten av 2007.
- Få til ei tilfredsstillande ferieavvikling.
- Betre dei tilsette si stoltheit over eigen arbeidsplass.
- Oppruste uteområdet og fornye inventar.

Spesielt for Eidsdal:

- Oppretthalde søkermasse og rekruttering.
- Oppussing/måling av kjøkken, gang, opphaldsrom
- Ny komfyr og vaskemaskin.
- Skifte vindauge
- Nytt golvbelegg på delar av bygninga

Spesielt for Dalsbygda

- Opparbeiding/fornyning av uteområdet
- Auke brukstida (større opphaldsprosent).
- Satsing på kompetanseheving og kvalitet.

Teneste: Kultur

Eining/ansvarsområde: Kulturskule, bibliotek, kultur, God Helse, barn og unge, Kraftsenteret, beredskap

Mål for ansvarsområdet/ Kort skildringa av tenesta

Bibliotek

Overordna målsetjing:

"Folkebiblioteket skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Virksomheten skal være utadrettet, og tilbudene skal gjøres kjent. Folkebiblioteket er ledd i et nasjonalt biblioteksystem."

Kultur

Kultur er limet som held samfunnet saman og som skapar meining og innhald gjennom identitets-, haldningsskapande og forebyggande aktivitetar. Vi vil at kulturarbeidet i Norddal kommune skal bidra til å styrke kunnskap og identitet, auke trivselen og bidra til nyskaping, for med det å medvirke til at vårt lokalsamfunn blir ein attraktiv stad å bu i, etablere seg i og feriere i for alle grupper i befolkninga.

Kulturskulen

I tillegg til eit lokalt ønskje om gode tilbod til barn og unge i Norddal, er det sentrale føringar i kva kulturskulen skal innehalde. Her kan nemnast: Lovfesting av musikk- og kulturskulen, Lov om grunnskulen – ny opplæringslov, Ny § 42 c vedteken i Stortinget 05.06.1997 – iverksett frå 1. juli 1998

"Alle kommuner skal alene eller i samarbeid med andre kommuner ha et musikk- og kulturskoletilbud til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet ellers."

Barn og unge

Vi ynskjer at barn og unge skal trivast i Norddal kommune. Dei skal gjennom oppveksten kjenne meining og trivsel og at det er bruk for dei. Barne- og ungdomsåra skal gi dei ein god bakgrunn for å gå vidare i livet. Dei skal vere aktive og engasjerte og erfare at dei har påverknad på livssituasjonen sin.

God Helse

God Helse er Møre og Romsdal fylke sitt langsiktige arbeid for å gi folk i fylket eit godt liv. Målet er at flest mogleg meistarar sin eigen livssituasjon.

Gjennom eit positivt, langsiktig og heilskapleg førebyggingsarbeid skal vi skape gode lokalsamfunn og god livskvalitet for menneska som er busett i kommunen.

Kraftsenteret

Vi skal vere ein møteplass der menneske kan finne glede og utfordringar gjennom aktivitetar og tiltak som er meningsfylte. I samarbeid med lokale lag, nærmiljø og brukarane skal vi leggje til rette for deltaking og meistring.

| Nøkkeltal | Årsverk | Årsverk | Årsverk | Årsverk |
|---------------------|---------|---------|----------|---------|
| | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
| Norrdal bibliotek | 1,62 | 1,62 | 1,62 | 1,62 |
| Kultur | 0,50 | 0,50 | 0,50/1,0 | 2* |
| Norrdal kulturskule | 3,12 | 3,22 | 3,3 | 3,3 |
| Kraftsenteret | | | 1,0 | 1,0 |

* Under kultur er også medteken 50 % stilling som folkehelsekoordinator, og 50 % stilling som miljøarbeidar barn og unge

Budsjett 2007: 5 552 540 kr Rekneskap 2007: 5 403 766 kr (inkl. tilskot kyrkja og trussamf.)

Økonomiske resultat

| | Rekneskap | Budsjett | Avvik i kr | Avvik i % |
|-----------------------------|-----------|-----------|------------|-----------|
| Netto Kultur | 1 450 417 | 1.482 940 | - 32 523 | -2 |
| Netto Norrdal bibliotek | 1 012 549 | 963 200 | 49 349 | 5 |
| Netto Norrdal kulturskule | 1.037 708 | 1 055 400 | -17 692 | -2 |
| Kraftsenteret* | 355 430 | 504 000 | -148 570 | -29 |
| Kyrkja, tilskot trussamfunn | 1 555 997 | 1.547 000 | 8 997 | 0 |

*Første driftsår for Kraftsenteret. Etablert Frivilligsentral 50 %. Uprøvningsfase

Administrative eller faglege resultat

Biblioteket

- Tafjord filial har flytta frå skulen til Ungdomshuset. Filialen var stengt i desember under flytteprosessen. Dette har medført kostnader knytt til både lønsutgifter og innkjøp av nødvendig inventar, noko som gjer at bibliotekbudsjettet er overskride i år .
- Hovudbiblioteket er med i prosjektet "Muriparken", skal på sikt inn i rådhuset. Framlegg til ombygging blir snart lagt fram.
- Lite sjukefråvær, godt arbeidsmiljø
- Jamn drift som vanleg, mykje tid på bortpakking av eldre/litt uaktuelle bøker for å få plass til nye i hyllene ved hovudbiblioteket.
- Bibliotekbruken ganske stabil, oppgang ved hovudbiblioteket, ned ved filialane. Tafjord fil vanskeleg å måle. Den var kombinasjonsbibliotek fram til skulen vart nedlagt. Dessutan stengt i desember.

Kultur

- Gjennomført faste oppgåver som tildeling kulturmidlar, kulturforum, kulturdag, ungdommens kulturmønstring m.v. I tillegg kjem sakshandsaming.
- Bistått og formidla søknader om spelemidlar
- Arbeid med turkartprosjektet
- Arbeidd med å få ny organisasjon til å fungere som ei eining
- Involvert i arbeidet med å få på plass heis på Valldal samfunnshus
- Evaluert drift samfunnshuset, samt organisert ny drift Dalsbygda grendahus

Kulturskulen

- Elevplassane/elevtalet har auka til 140/125 hausten 07.
- 50 elevar på dansetilbod.
- Aktivt med i kabareten på Valldal skule.
- Konsertar på Muritunet, eldresenteret og skulane i Valldal og Eidsdal.
- Sel dirigenttenester til korps og kor samt aspirantopplæring.
- Medverkande på div. tilstellingar til lag og organisasjonar på forespørsel.
- Bildeklassa har ikkje vore aktiv dette skuleåret.

Barn og unge

- Ungdomsrådet har møte jamnleg
- Ung fredag er etablert som møteplass for unge frå heile kommunen
- Ung helg gjennomført 7.-8. september
- Innført Hoppekassa, næringsfond for ungdom
- Medspelar for ungdomsklubbane; Sylte ungdomsklubb har no vaksenleiar og har faste klubbkveldar ein gong i veka, Daskus ungdomsklubb har mindre aktivitet
- Ungdom frå Norddal deltok på Aksjonsveka mot narkotika på Stranda
- Oppstart SLT

God Helse

- Trilleturar/foreldretreff i samarbeid med Kraftsenteret og helsestasjonen
- Vekas tur og God Helse-spalte i Storfjordnytt
- Deltakar i arbeidsgruppe for turkart i kommunen
- Fylkestreff God Helse i Valldal i juni
- Sykkel i jobben
- Uteområdet ved Valldal skule, søknad om spelemidlar
- Arbeid med Aktiv på dagtid

Kraftsenteret

- Oppretta Frivilligsentral med eige styre
 - Utarbeidd aktivitetsplan utsendt til alle husstandar
 - Delteke på ulike lagsmøte med informasjon
 - Lokala er sett i stand og open for alle
 - Delteke på konferansar og nettverk for Frivilligsentralar*
- * Fullstendig årsmelding for Frivilligsentralen ligg på www.norrdal.kommune.no under frivilligsentral.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

- **Bibliotek**
Nye lokale hovedbiblioteket.
- Tilby skulane undervisning i søkje/bestillingsfunksjon i bibliotekbasen vår. Dette arbeidet startar opp i vår.

Kultur

- Arbeide for at kommunen blir ein føregangskommune for NaKuHel
- Satsing fram mot Kulturminneåret 2009
- Vidareutvikle kultur som eiga eining

Kulturskulen

- Arbeider for å legge til rette for opplæring i dans for førskuleborn.
- Arbeider for å legge til rette for musikkteater
- Arbeider for å opprette tilbud til elevane med behov for tilrettelagt undervisning.
- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid spesielt med tanke på rekruttering av lærarar
- Arbeider for å få bildefaget på føtene igjen.

Barn og unge

- Følgje opp tiltak i Byggande plan
- Arbeide for eit aktivt og engasjert ungdomsråd m.a. gjennom betre samarbeid med skulane
- Vidareutvikle det interkommunale samarbeidet med t.d. skyss til og samordning av arrangement
- Vidareutvikle nettsida *Ung i Norddal*
- Ung fredag-tilbod til elevane på mellomsteget
- Ung helg 2008, 12.-13. september
- Gjere SLT-arbeidet kjent innan og utanfor kommunen, lage plan

God Helse

- lage aktivitetsprogram for sommarhalvåret i samarbeid med idrettslaga
- deltakar i samarbeidet for rusfrie ungdomsarrangement
- Nettside *God Helse Norddal*
- Avslutte arbeidet med turkartet
- kosthaldskveld for foreldre
- samarbeid med Mental Helse og Kraftsenteret om markering av verdsdagen
- fylgje opp Aktiv på dagtid
- God Helse inn i alle verksemdene i kommunen

Kraftsenteret

- Arbeide for at tilbodet vert kjent
 - Knyte til seg personar som ønskjer å bruke fritid saman med andre, og ta vare på dei
-

Årsmelding 2007 – Norddal kommune

Side 22 av 38

- Lage halvårsplan/aktivitetsplan til alle husstandar
 - Opprette tilbod om skyss
 - Samarbeide med lag/organisasjonar, og vere eit støtte for desse
 - Verdsdagen for Psykisk helse – få til arrangement
 - Ivareta nytilflyttarar
-

Teneste: Kommnehelse

Eining/ansvarsområde: Helseavdelinga

Mål for ansvarsområdet/ kort skildringa av tenesta Omfattar legekantoret i Valldal og utekantoret i Eidsdal, helsestasjonen med helsesøster inkl. jordmor, psykiatrisk sjukepleiar, kommunefysioterapeut og ergoterapeut, dei to sistnemnte er avtalar med Muritunet. Kommunen har avtale om driftstilskot med fysioterapeutar som driv privat praksis, fordelt til fysioterapeutar på Muritunet. Når det gjeld legesituasjonen har kommunen hatt tre gjennomgåande årsverk legar heile året. Legevakta krev supplerande innleige av "vikarlegar, ut over at kommunen også har avtale med lege tilsett ved Muritunet. Det har vore skifte i kommunlege 2-funksjonen.

| Nøkkeltal | Årsverk | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|-----------|------------------------------|------|------|------|------|------|
| | Legesekretærar | 2,35 | 2,35 | 2,35 | 2,35 | 2,35 |
| | Helsestasjonen inkl. jordmor | 2 | 1,8 | 2 | 2 | 2 |
| | Legar inkl. turnuslege | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 |
| | Psykiatrisk sjukepleiar | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | Kommunefysioterapeut* | 0,5 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Ergoterapeut* | 0,5 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Sum årsverk | 9,35 | 8,15 | 8,35 | 8,35 | 8,35 |

*Sjå avtalar med Muritunet

| Økonomiske resultat | Rekneskap | Buds(end) | Avvik % |
|-------------------------|------------|-----------|---------|
| | 2 007 | 2 007 | |
| 3101 Helsestasjon | 603 393 | 735 100 | -17,9 |
| 3102 Kurativ helsevern | 3 755 874 | 3 715 000 | 1,1 |
| 3103 Jordmorteneste | 235 850 | 247 400 | -4,7 |
| 3104 Fysioterapiteneste | 656 314 | 654 400 | 0,3 |
| 3105 Psykiatri | -1 310 337 | -626 500 | 109,2 |
| 3107 Folketannrøkta | -27 957 | -28 700 | -2,6 |
| 3108 L-V sentralen | 227 796 | 267 000 | -14,7 |
| Netto | 4 140 933 | 4 963 700 | -16,7 |

Administrative eller faglege resultat Helseavdelinga har i meldingsåret utført dei ulike program og tiltak som lov og føresegner krev.

Særskilde utfordringar i tida som kjem Dei kommunale legetenestene må kome meir til synes. Arbeidsmiljøet i avdelinga må styrkjast i kraft av tverrfagleg samhandling og samhandling med andre tenester. Ein må tilstreve kontinuitet i legetenesta.

Teneste: Pleie og omsorg
Eining/ansvarsområde: Institusjon, heimebaserte tenester

Pleie og omsorg femner om heimetenestene i kommunen i form av heimehjelp og heimesjukepleie. Tiltak for personar med utviklingshemming er organisert under heimetenestene. Institusjonsbasert omsorg i form av Valldal sjukeheim med to avdelingar.

- **Heimetenestene**
 - Heimetenester i Valldal dekkjer heimesjukepleie, heimehjelp, 22 omsorgsbustader (gml trygdeavdelinga) og 6 rehabiliteringsplassar/korttidsplassar.
 - 13 ubemanna omsorgsbustader i Valldal.
 - Elvetun med 4 bustader for personar med utviklingshemming. Avlasningsbustad blir brukt som permanent bustad fram til vi finn ei anna løysing på bustadsituasjonen.
 - Teneste til tre person med funksjonshemming som bur utanom dette bufellesskapet.
 - Omsorgsbustadane i Eidsdal med 12 bebuarar, dekkjer heildøgnsbemanning i bustaden, samt heimehjelp og heimesjukepleie i Eidsdal og Norddal. Kjøkkenet ved bustaden lagar middag til alle i Eidsdal og Norddal samt at dei leverer middag til heimebuande.
 - 2 ubemanna omsorgsbustader i Eidsdal.
 - Omsorgsbustaden i Norddal med 5 ordinære leilegheiter og 2 mindre leilegheiter, som dekkjer døgnbemanning (kvilande nattevakt), heimhjelp og heimesjukepleie. Desse to einingane er å sjå på som ei eining der personalet vekslar mellom å være i Eidsdal og Norddal.
- **Valldal sjukeheim**
 - Somatisk avdeling med 20 sengeplassar derav eit rom som teminalrom. Dette rommet blir i periodar brukt til ordinært rom, då presset på plassar til tider er stort.
 - Dementavdeling – Loftet med 8 sengeplassar.
 - 6 korttidsplassar fysisk plassert på omsorgsbustaden i Valldal.
 - Kjøkken som lagar mat til samtlege bebuarar i institusjon, 22 omsorgsbustader samt at dei lagar og leverer middag til heimebuande. Kjøkkenet har ei varierende mengde levering av møtemat og div andre leveransar. Dette blir utført så sant ein har kapasitet til dette.
 - Reinhold/vaskeri som har alt reinhold av alle institusjonsplassar, alle fellesrom og vasker klede for alle som bur her. I tillegg har dei vask av arbeidsklede til personalet.
 - Arbeidsstova med aktivitør og aktivitørassistent

Etterspurnaden på sjukeheimsplass og omsorgsbustad varierar, og ein har til ei kvar tid personar på venteliste til omsorgsbustad på begge sider av fjorden. Ved behov, men ikkje tilgang til ledig sjukeheimsplass, må ein gi utvida tenester i heimen. Søknaden om sjukeheimsplassar er stigande og ein greier ikkje å dekke dette behovet med dagens tal plassar. Alle plassar har gjennom året vore bebudd. Liggedøgnstatistikken viser eit belegg på 103 %. 6 korttidsplassar var ved årsskiftet bebudd av pasientar med vedtak om langtidsopphald, slik at ein i realiteten ikkje har rom som kan nyttast til avlasning eller korttidsplass. Talet på heimebesøk er relativt stabilt. Bebuarane i omsorgsbustadane er gjennomsnittleg dårlegare og krev difor meir hjelp frå heimetenestene.

| Nøkkeltal | Budsjett 2007: 35 464 200 | | Rekneskap 2007: 37 809 959 | | | |
|--|---------------------------|--|----------------------------|-------|-------|-------|
| | | | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
| Årsverk | | | | | | |
| Heimetenester: | | | | | | |
| Administrasjon | | | 0,5 | 1 | 1 | 1 |
| Elvetun | | | 3,15 | 9,62 | 9,62 | 9,62 |
| Heimetenesta i Valldal, med oms.bustadane | | | 16,7 | 16,24 | 16,6 | 18 |
| Heimetenesta i Eidsdal/Norrdal | | | 10,8 | 11,4 | 11,5 | 11,5 |
| Tiltak funksjonshemma | | | 5 | 5,63 | 5,63 | 5,63 |
| Verna arbeidsplass | | | | 0,2 | 0,2 | 0,2 |
| Institusjon: | | | | | | |
| Administrasjon, verksemdleiar/sekretær | | | 1 | 1,5 | 1,5 | 1,5 |
| Sjukeavdelinga – spl, hjpl, oms.arb, ass | | | 19,8 | 20,8 | 20,8 | 21,4 |
| Skjerma avdeling – spl, hjpl, oms.arb, ass | | | 8,8 | 7,1 | 7,2 | 7,2 |
| Aktivitør | | | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 1,5 |
| Verna arbeidsplass | | | 0,2 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøkken | | | 4,94 | 4,9 | 4,9 | 4,9 |
| Reinhold/vaskeri | | | 3,64 | 3,8 | 3,8 | 3,8 |
| Lærling | | | 0 | 0,5 | 0,5 | 0,5 |
| | | | 76,03 | 84,19 | 84,75 | 86,75 |

| Økonomiske resultat | | Regnskap | Buds(end) | Avvik(%) |
|---------------------|---|------------|------------|----------|
| | | 2007 | 2007 | 0 |
| | 3401 Heimeteneste i Valldal/Fjørå/Tafjord | 5 844 345 | 6 360 900 | 91,8 |
| | 3402 Heimeteneste i Eidsdal/Norrdal | 5 421 063 | 4 814 600 | 112,6 |
| | 3415 Elvetun | 4 559 943 | 4 020 600 | 113,4 |
| | 3416 Tiltak funksjonshemma | 2 766 425 | 2 332 500 | 118,6 |
| | 3450 Valldal sjukeheim | 19 218 183 | 17 935 600 | 107,2 |

Den reknskapsmessige underdekninga skuldast i stor grad bruk av ekstrahjelp og overtid. Vi har mange fagpersonar tilsett i store stillingar og når behovet for ein fagperson er tilstades, må ein ofte ty til bruk av overtid. Underbudsjettering i høve ferievikarar har også i år ført til underdekning i budsjettet. Pensjonsartar ved heimeteneste i Eidsdal/Norrdal har større overtrekk enn andre einingar utan at ein kan forklare årsaka til dette. Det er behov for ein vesentleg tettare oppfølging av driftsøkonomien i 2008.

Administrative eller faglege resultat

Heimebasert

Personellsituasjonen har vore relativ stabil. Sjukefråvær har skapt dei største utfordringane på dette området og ein har måtta nytta vikarbyrå for å kunne gi ei forsvarleg teneste. Alle fagstillingar var ved årsskiftet dekt opp. Ein sjukepleiar er i gong med vidareutdanning i aldring og eldreomsorg.

Arbeidsmiljøet i avdelingane varierar, men blir jamleg jobba med. Men ein kan frå overordna ståstad sjå at arbeidsmiljøet er vesentleg betre. Vi har mange rom som er tronge og lite brukarvenlege i høve til hjelpemiddeltrengande bebuarar, og ein del sjukefråvær kan ein relatere til belastande arbeidssituasjonar. Sjukefråværet viser gjennom året ei auke på begge sider av fjorden. Det vart i siste halvdel av 2007 sett igong eit prosjekt i samarbeid mellom heimetenetene Nord og NAV med tema nærvær i fokus og har som utgangspunkt å sjå nærare på sjukefråværet i avdelinga. Tenesteomtalane blir distribuert til brukarar som får tildelt tenester. Elektronisk dokumentasjon vart fullt innført frå hausten 2007 og alle tilsette er opplært i bruk av data. Dei som bur inne på omsorgsbustadane har eit betre tenestetilbod enn dei som bur på bygda. Ved gjennomgang av alle vedtak er ein i god gang med å luke vekk dei tenester som har vore gitt utanom vedtaka. Dette gir ei meir reell oversikt over ressursbehovet, og vil gi mindre tidspress for personalet.

Institusjon

Personellsituasjonen ved sjukeheimen er stabil, og den største utfordringa har vore å dekke opp sjukepleiestillingane. Sjukepleiaren som tok vidareutdanning i kreftsjukepleie slutta ved sjukeheimen i haust. Sjukefråværet har variert gjennom året, men viser på årsbasis ein nedgang. Tilsette som har gått av med pensjon har også i 2007 vore ein god og naudsynt ressurs.

Hovudutfordringa for heile pleie og omsorg vil framleis være å gi kvalitetsmessige gode tenester utifrå dei ressursar vi til ei kvar tid har tilgjengelege.

Innføringa av fagsystemet i pleie og omsorg synes å være ein god reiskap for å sikre rette tenester og få god oversikt over ressursbruken. Innføringa har krevd ein stor innsats blant personalet og har gitt oss større utfordringar enn vi var førebudd på. Den største utfordringa etter at papirversjonen av kardex vart tatt bort, var ustabil tilgang til serveren. Dette har det blitt noko betring på, men er enno ikkje heilt stabilt. Datatilgang manglar i Norrdal.

Særskilde utfordringar i tida som kjem

Heimebasert omsorg

Det er framleis omsorgsbustader med tronge dører/dørstokkar og lite funksjonelle bad. Mange av dei som bur i omsorgsbustad har behov for hjelpemiddel, men det er i mange tilfelle uråd å nytte disse. Dei gamle omsorgsbustadane i Valldal bør rehabiliterast for å være meir funksjonelle. Bygget ved omsorgsbustaden i Norrdal (gml post og bankbygget) står i dag for det meste tomt. Her må ein sjå på moglegheiter for bruken. Busituasjonen for personar med utviklingshemming må arbeidast vidare med. Ressursutnytting og samlokalisering i større grad enn i dag, blir eit nøkkelpunkt. Arbeid med bygningsmessige utfordringar er under planlegging.

Institusjon

Behov for sjukeheimplassar er til tider stort og ein har ein underkapasitet her. Ved nyttårsskifte var alle 6 korttidsplassane opptatt av pasientar som har vedtak om langtidsopphald. Over tid blir å skaffe personell med rett kompetanse vil også i åra framover gi oss utfordringar. På kort sikt ser vi at vi gjennom utdanning av eige personell kan dekke etterspørselen på helsefagarbeidar (hjelpepleiar), men om dette er nok på lang sikt er usikkert. Det er vanskelegare å skaffe stabilitet blant sjukepleiarane enn hjelpepleiarane. Å ha nok tilkallingsvikarar er i periodar problematisk.

Kompetanseheving blant personalet generelt vil være ei god investering i åra framover, både for å behalde og rekruttere. Viktig å få utarbeidd kompetanseplan. Nye utfordringar i høve meir komplekst sjukdomsbilete krev personell med brei kompetanse.

Teneste: Tekniske tenester
Eining/ansvarsområde: PBO og FDV

Mål for ansvarsområdet/kort skildringa av tenesta PBO: Avdelinga har som hovudansvar områda plan (reguleringsplan og kommuneplan), bygg (byggesakshandsaming) og oppmåling (delingssaker, målegrunnlag, kartverk). Arbeid md grunnverv er lagt til avdelinga. Brannvern, feiing og oljevern er og lagt til avdelinga. I tillegg har avdelinga hatt fleire oppgåver på investeringssida med planlegging og gjennomføring av anlegg.

Teknisk drift - FDV er ei verksemd som har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunaltekniske oppgåver som veg, vatn, avløp, renovasjon, park og anlegg samt bygningsmassen til kommunen og eigen maskinpark.

| Nøkkeltal | Budsjett 2006: 6 920 800 kr | | Rekneskap 2006: 7 345 207 kr | | |
|-----------|-----------------------------|------|------------------------------|------|------|
| | Årsverk | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
| PBO | 2 | 2 | 2 | 3 | |
| FDV | 10,6 | 10,1 | 10 | 9,6 | |

| Økonomiske resultat | | Rekneskap | | Avvik(per.) |
|---------------------|-------------------------------------|-----------|----------------|-------------|
| | | 2007 | Buds(end) 2007 | |
| | 4100 Fagansvarleg FDV | 535 595 | 668 600 | -19,9 |
| | 4201 Kommunale vegar | 3 012 440 | 2 468 100 | 22,1 |
| | 4202 Veg og gateløys | 423 155 | 331 600 | 27,6 |
| | 4301 Kommunale bustader for utleige | 106 885 | -95 600 | -211,8 |
| | 4302 Nærings- og utleigebygg | 478 229 | 263 800 | 81,3 |
| | 4303 Andre bygg og eigedomar | 60 040 | 97 000 | -38,1 |
| | 4401 Renovasjon | 0 | 30 000 | 0 |
| | 4402 Avløp og rens | 0 | 0 | 0 |
| | 4403 Vassverkdrift | 0 | 800 | 0 |
| | 4501 Felles maskinpark | 330 182 | 382 500 | -13,7 |
| | 4601 Offentleg område | 468 735 | 311 500 | 50,5 |
| | 4701 Tafjord Friluftsbad | 137 968 | 32 300 | 327,2 |
| | 5100 Fagansvarleg PBO | 995 086 | 1 292 000 | -23,0 |
| | 5200 Brannvern | 1 544 779 | 1 561 500 | -1,1 |
| | 5201 Oljevern | 11 360 | 12 000 | -5,3 |
| | 5300 Feiing | -51 986 | 0 | |
| | Nedsummert | 8 052 468 | 7 356 100 | 9,5 |

Underdekkinga er i alt på 1 062 629 kr under teknisk drift, medan pbo syner ei overdekking på -366 261 kr. Årsaka til overdekkinga er at utgifter til innleigd planbistand er ført over ansvaret Fellesutgifter.

Administrative eller faglege resultat Avdelinga er for tida utan faglege leiarar.

Særskilde utfordringar i tida som kjem Den største utfordringa dei tekniske tenestene står overfor i tida framover er å få tak i kvalifisert personell som skal dekke eit breitt fagleg spekter med mange ulike oppgåver og til dels store oppgåver. For å greie å få utført alle oppgåver må ein også basere seg på å kjøpe meir av både kapasitet og kompetanse. Gjennom etablering av eit Kommunalt Føretak for byggmengda til kommunen, står ein overfor både utfordringar og moglegheiter organisasjonsmessig.

Einingane FDV og PBO bør slåast saman for å oppnå meir fleksibel nytte av ressursane.

Teneste: Næring
Eining/ansvarsområde: Næring

Kort skildringa av tenesta Næringsavdelinga er som førstelina, forvaltar av den statlege og kommunale næringspolitikken. Ein skal leggje til rette for næringsutvikling i vid tyding, og vere eit kompetanse og rådgivingsorgan for alle næringar. Skog, jord og viltforvaltning, og ulike oppgåver innan utmark og arealforvaltning, miljø og kulturlandskap ligg òg til avdelinga.

| Nøkkeltal | Budsjett 2005: 2.078.300 kr | Rekneskap 2005: 2.053.814 kr | | | | | |
|-----------|----------------------------------|------------------------------|------|------|------|------|------|
| | Budsjett 2006: 2.294.600 kr | Rekneskap 2006: 2.149.370 kr | | | | | |
| | Årsverk | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
| | Næringsssjef og Næringskonsulent | 2,00 | 2,00 | 1,50 | 1,50 | 1,50 | 1,00 |
| | Skogbrukssjef | 0,25 | 0,25 | 0,25 | 0,25 | 0,25 | 0,25 |
| | Sakshandsamar vilt | 0,10 | 0,10 | 0,10 | 0,10 | 0,10 | 0,10 |
| | Landbruksvikar | 1,00 | 1,00 | 0,50 | 0,50 | 0,50 | 1,00 |
| | Kommuneveterinær | 1,00 | 1,00 | 1,00 | 1,00 | 1,00 | 1,00 |
| | SUM | 4,35 | 4,35 | 3,35 | 3,35 | 3,35 | 2,35 |

| Økonomiske resultat | 2006 | Rekneskap | Budsjett | Avvik i kr | Avvik i % |
|---------------------|------------------------|-----------|----------|------------|-----------|
| | | Ansvar | | | |
| | 6100 Næringsutvikl. | 1462128 | 1513600 | 51472 | -3 |
| | 6101 Landbruksvikar | 161789 | 235200 | 73411 | -31 |
| | 6102 Veterinærtjenest | 267249 | 267700 | 451 | -0,2 |
| | 6110 Næringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 6111 Næringslivstiltak | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 6201 Jakt og viltstell | 14410 | 43100 | 28290 | -66 |
| | 6210 Forvaltningsplan | 0 | 110000 | 0 | 0 |
| | 6240 Verdsarv | 243794 | 235000 | -8794 | 3,6 |

Administrative eller faglege resultat

